



Jentene er allereie klar for sluttspelet etter storsiger. (Foto: Rosendal Turnlag si heimeside)

Jentelaget til Rosendal/Uskedal fulgte verkeleg opp den flotte starten dei hadde søndag, då dei mandag kveld knuste motstandarane frå Sokndal heile 11-0. Dermed toppar dei tabellen i gruppa si, og dei er allereie etter to kampar klar for A-sluttspelet.

I kampen mandag kveld var jentene igjen heilt overlegne. Motstandarlaget vart overkøyrd, og det vart einvegskøyring mot Sokndal-målet gjennom heile kampen. Rosendal/Uskedal-keeper, Silje Bråtun, hadde såleis ein roleg dag på Ekebergsletta. Dei andre uskedalsjentene på laget er Margareth Sæle, Monica Helen Kårstad, Ingeborg H. Lunde og Anette Sandnes. Anette teikna seg også i denne kampen på scoringslista.

Det er imponerande sifrar jentelaget har å visa til. Det vert spennande å følgja dei når A-sluttspelet kjem i gang seinare i veka. Før den tid skal dei spela kamp mot Arnadal/Vear tirsdag.

Også småjentelaget til Rosendal hadde ein svært god dag. Dei vann 2-0 over Snøgg 1.

Av Thor Inge Døssland